



Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3719-5

Førdepakken - vurdering av bompengeretakstar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget som lånegarantist godkjenner at Førdepakken bomselskap AS kan søke om tilskot til reduserte bompengar for Førdepakken.
2. Fylkestinget har ikkje merknader til styret i Førdepakken bomselskap AS si vurdering av takstnivået. Under føresetnad om tildelt tilskot, jf. pkt. 1, godkjenner fylkestinget at takstane vert uendra.

Vedlegg:

1. Saksprotokoll frå Førde bystyre

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Som lånegarantist for lånepoptak i Førdepakken bomselskap AS skal takstjusteringar godskjennast av Fylkestinget. Fylkestinget har i FT-sak 43/13 vedteke å stille sjølvskuldnnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr til delfinansiering av Førdepakken.

Takstane for Førdepakken bomselskap AS vart fastsett den 2. august 2016. Etter eitt års drift av bompengeringen i Førde, er det gjort ei vurdering av inntektene i høve føresetnadane. Vurderinga er gjort av Statens vegvesen (SVV), som har sendt si tilråding til Førdepakken bomselskap AS.

I tillegg omhandlar denne saka godkjenning av søknad frå Førdepakken bomselskap AS om tilskot til reduserte bompengar for Førdepakken. Det er eit krav at ein slik søknad skal godkjennast av lånegarantist.

2. Vurdering av bompengeretakstane i Førdepakken i høve inntekter

Pr. 29.09.17 er tala frå august dei siste som er tilgjengelege. Førdepakken har då hatt 11 driftsmånader. Trafikkta syner ei jamm stigning. August hadde ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 19 230. Det berekna trafikkgrunnlaget for 2017 er 16 148. Det er i proposisjonen lagt opp til ein årleg trafikkvekst på 0,5%.

Sjølv om trafikkgrunnlaget er høgare enn føresett, syner prognosane ein inntektsvikt i høve føresetnadane for Førdepakken. Prognosen tilseier ein inntektsvikt på 13,1 mill. kr årleg i høve føresetnadane.

Dette skuldast at snittprisane per passering er 20 % lægre enn føresett. Hovudforklaringa på inntektsavviket pr. passering kjem av at talet på fritakspasseringar er langt høgare enn føresett. Nær 1/3 av trafikken er fritakspasseringar, og er i hovudsak knytt til at mange bilistar kører meir enn månadstaket på 30 betalande passeringar.

På bakgrunn av lægre inntekt per passering enn føresett, tilrår SVV at takstane vert auka til 30 og 54 kroner for dei to takstgruppene (lett og tung bil). I dette forslaget er det også teke omsyn til prisjustering.

3. Tilskot frå staten til Førdepakken bomselskap AS

«Tilskot til reduserte bompengar for Førdepakken»

Førdepakken bomselskap AS har i brev frå SVV fått tilsegn på eit tilskot på 10 mill. 2017-kr. Dette er eit generelt tilskot som skal nyttast til å redusere bompengetakstane med minimum 10 % i dei prosjekta som mottek tilskot. Det heiter i tilsegnet at dette beløpet vil bli gitt årleg dersom Stortinget godkjenner det i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Tilskotet vil bli justert for prisstiging.

Det er sett krav om at søknaden om tilskot skal godkjennast av ev. lånegarantistar, og fristen for oversending av dokumentasjon, er sett til 1. november 2017.

Tilskot til rentekompensasjon

Den 06.12.16 fekk Førdepakken bomselskap AS 4 mill. kr i tilskot frå Samferdselsdepartementet. Tilskotet er gjeve som rentekompensasjon for låneopptaka i selskapet. Det heiter i brevet at

«formålet med ordningen var å redusere bompengebelastningen for bilistene og å legge til rette for en smidig overgang til ny organisering av sektoren.»

I sum utgjer desse statlege tilskota 14 mill. kr.

4. Samla vurdering av takstjustering i Førdepakken

Styret i Førdepakken bomselskap AS har lagt følgjande til grunn for fastsetting av takstane:

SVV sin analyse av 19.09.17 synte at inntektene ville vere om lag 13,1 mill. kr lægre enn føresetnadane i proposisjonen. På den andre sida er det forventa tilskot frå staten som i sum utgjer 14 mill. kr. Dette medfører at auka inntekter gjennom statlege tilskot, om lag er på same nivå som sviktande inntekter frå lægre gjennomsnittsinntekt for passeringane i bommane i Førde.

Styret har veklagt at det er viktig med stabilitet ved oppstartainga av ein bompengepakke. Tilskotsordningane gir høve til å halde takstane på same nivå som i dag. Styret er vidare merksame på at ordningane skal vedtakast av Stortinget for kvart budsjettår, men det gir i alle fall Førdepakken bomselskap fleksibilitet ved denne reguleringsa.

Vurderinga av bompengetakstane som vert gjort no, bind heller ikkje opp for framtida. Takstane skal justerast i samsvar med prisutviklinga kvart år. I tillegg seier stortingsprop 137S:

«Dersom inntektene i Førdepakken blir lågare enn rekna med, er det lagt til grunn at bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet kan auke takstane med inntil 20 pst ut over ordinær prisstiging og forlengje innkrevningsperioden med inntil 5 år.»

Styret nyttar seg av den fleksibiliteten som tilskotsordninga gir høve til. Om eitt år, vil styret ha betre erfaringstal og eit styrka grunnlag for å gjere vurderingar.

Styret tilråd difor at ein «teknisk» justerer opp takstane i tråd med SVV sine vurderingar, mens ein nyttar tilskota frå staten på samla 14 mill. kr til å justere takstane ned att, slik at samla effekt vert uendra takstar for bilistane. Dette medfører i tillegg at takstane i denne omgang ikkje vert pris-justerte. Reknestykket som styret har lagt til grunn, går fram av tabellen under:

	Gruppe 1	Gruppe 2
Noverande satsar	26	47
Framlegg om auke frå SVV	4	7
Nye takstar	30	54
Tilskotsordningar og eiga vurdering	- 4	-7
Framlegg frå styret	26	47
Prisar med 20% brikkeraabatt	20,80	47

5. Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til styret si vurdering av takstnivået, og at takstane i Førdepakken vert uendra. Dette er i tråd med vedtaka i Førdepakken bomselskap AS og Førde bystyre. Vidare godkjenner fylkestinget at Førdepakken bomselskap AS søker om tilskot til reduserte bompengar.

Fylkeskommunen si rolle som lånegarantist er etter fylkesrådmannen si vurdering ivareteke.